

Slik vil kalven ha det

BYGG

Britt I. F. Henriksen
Bioforsk Økologisk
britt.henriksen@bioforsk.no

Vonne Lund
Veterinærinstituttet

Det naturlege for kua er å trekke seg vakk frå dei andre i flokken når ho skal kalve. Ho likar å kalve på tørre område, særleg i skjul for trær og buskar. Derefter er ku og kalv saman, isolert frå dei andre, eit par dagar. Etter kvart søker kalven andre kalvar medan mora beiter. Kalven dier mora i fleire månader, med gradvis avvenning ved at kua let kalven die mindre og gir mindre mjølk. Når alle dei basale behovna er dekt har kalvan stor motivasjon for å leike. Dette krev god plass. Dei vil gjerne ligge med kroppskontakt til andre kalvar inntil dei er fullt utvikla drøvtyggar ved 3–6 månaders alder. Kalven har stor overflate i forhold til vekt samanlikna med vaksne dyr, noko som gir eit større varmetap. Den har heller ikkje tilstrekkelege feittreservoirar til å kompensere for avkjøling på grunn av trekk eller fukt. I kalde periodar må kalven derfor auke energitilførselen ved å ete meir.

Kalvingsbinge

Kalven bør bli født på beite eller i kalvingsbinge for å best ivareta den naturlege åtferda til dyra. Ein eigen kalvingsbinge er frå dette synspunktet betre enn ein binga for gruppekalving, sjølv om den siste nemnte som regel krev mindre bygningsareal per ku. Gruppebingar er og meir fleksible når mange kalvingar er venta innan kort tid. Men ulempene er store. Studiar har vist at dersom kua kalvar når ho går saman med andre kyr kan så mange som annakvar kalv komme til å suge andre enn si eiga mor. Kalven risikerer da å drikke seg mett på vanlig mjølk med lågt innhald av beskyttande antistoff, i staden for råmjølk. Bandet mellom ku og kalv er og vanskeligare å eta-



Foto: Britt I. F. Henriksen

blere i ein gruppekalvingsbinge, særleg for førstekalvarar, da kua lett kan bli forstyrra av andre kyr. I større besetningar med liggebåssystem kan ein kombinere ein gruppebinge («bufferbinge») og fleire enkelbingar. Da kan høgdraktige kyr bli flytta til gruppebingen i god tid før kalving – ei kalving før tida i gruppebinge er betre enn på liggebås. Eit par dagar før berekna kalving blir kua flytta vidare til ein enkelbinge, eller blir eventuelt skilt frå med lause grinner i gruppebingen.

Sørg for god bingedesign

Bingen skal være stor nok til at ku og kalv kan legge seg, ligge, reise seg og utføre kroppspleie på ein naturleg måte. Anbefalte mål er 10–12 kvadratmeter (minimum 8–10 kvadratmeter), der inga side er kortare enn 3 meter (minimum 2,3 kvadratmeter). Det er ein fordel om det er personopning på flere kantar av bingen, i tilfelle kua blir aggressiv og vil forsvere kalven. God hygiene i kalvingsbingen er

Erfaringane viser at det er alt for vanleg å sjå bort frå kalven ved planlegging av mjølkeproduksjonsfjøs. For å vite korleis kalven bør oppstallast er det greitt å vite kalvens naturlege åtferd og behov. Ikkje minst i økologisk produksjon der naturleg åtferd blir særleg vektlagd.




Foto: Kirsty McMillan

heilt avgjerande for god helse hos kalven. Bingen må derfor være enkel å reingjøre, og det bør være eit avløp slik at det er lettvint å vaske eller smittesanere. Ein kalvingsbinge bør aldri brukast som sjukebinge, på grunn av fare for sjukdomssmitte, sjølv om dette er lov.

Unngå trekk

For å unngå trekk på den nyfødde kalven er det ein fordel om halve høgda av bingeveggene nedanfrå er av tette veggar. I tillegg ønskjer kua å være avskjerma. Det er ein fordel om bingen har ei läsbar fôrgrind (om kua må undersøkast eller behandlast) og tilrettelagt for spannmjølking. Golvet bør være tett og sklisikkert, og det skal brukast godt med strø som drenerer bort eller sug opp fostervatn, urin og mjølkesøl. Gummibelegg på golvet auker komforten. Minimum

50 prosent av arealet i bingen skal ha tett golv. Om ein del av golvet er spaltegolv må ein sikre at spalteåpningene ikke er for breie for den nyfødde kalven, maksimum 25 millimeter er anbefalt.

Halm som strø

Halm er godt eigna som strø da eit halmlag drenerer godt samtidig som det er injukt. Dei same krava gjeld sjukebinge. For eigen binga for sjuke kalvar er det krav om (1,5 *1,2) kvadratmeter opp til 150 kilo. I økologisk produksjon er det da krav om (1,5 *1,2) kvadratmeter opp til 100 kilo og 2,5 kvadratmeter opp til 200 kilo. I isolerte fjøs i kalde områder er det viktig at sjukebinge er i ein isolert/varm del av bygget, da sjuke dyr har vanskeleg for å halde varmen.

Ammeopplegg

Det finns fleire moglege ammeopplegg. Det mest naturlege er der kalven går saman med morkua i fleire veker. Da er det viktig at kua og kalven får gå saman aleine dei første dagane slik at bandet mellom kua og kalven blir etablert. Dette tar fire til fem dagar. Eit alternativ er å la kalvane gå lause i fjøset slik at dei kan die fleire kyr. Det finns godt fungerande eksemplar på dette både i lausdriftsfjøs og båsfjøs. Ulempa kan være at det lett blir skittent i fjøset, og det kan være problem med at kyrne ikkje slipp ned mjølka ved mjølking. Ved restriktiv diegiving blir kalvane halde i gruppebinge, men blir sleppt ut nokon gonger per dag for å die. Det kan imidlertid være arbeidskrevjande å få kalvane på plass i bingen igjen.

Ammeku med fleire kalvar

Eit anna alternativ er å la ei ammeku ta hand om ein eller fleire

kalvar. Da treng ein ikkje å mjølke kua som ammer. Ei ammeku av mjølkerase klarer vanlegvis 3–4 kalvar. Bingar for ammekyr kan sjå forskjellig ut:

- Strebinge for ei ammeku + kalvar
- Strøbinge for fleire ammekyr + kalvar
- Binge med liggebås for fleire ammekyr

Fordelen med å ha fleire ammekyr i same binga er at avvenninga blir enklare da kua ikkje binder seg til den einskilde kalven. Systemet krev imidlertid nøyje overvaking slik at alle kyrne blir dia og alle kalvar får nok mjølk. Om ein har fleire ammekyr i den same bingen, eller om kalvane får gå lause i fjøset, er det viktig at det ikkje er kyr som har bakteriar i mjølka, da kalvane kan fungere som effektive smitte spreiarar.

Ammekubingar skal ha eit kalvegjømme. Om bingen har liggebås er det ein fordel å ha kalvegjømmet ved liggebåsfronten. Sjølv om lova tillet eit minste areal i kalvegjømmet på 0,7 kvadratmeter per kalv, så anbefalast minst 1,00 kvadratmeter per kalv (og gjerne meir) opp til 100 kilo og 1,25 kvadratmeter opp til 150 kilo vekt.

Røktarfaktor viktig

For å lukkast i kalvehaldet er det i tillegg til oppstallinga på fjøset avgjerande med god drift. Det vil seie riktig føring med tilgang til vatn, grovfôr og kraftfôr, ikkje minst føring av rikeleg mengde råmjølk så tidleg som mogleg og seinast innan fire timer etter fødsel (også når kalven går med kual), god oppfølging i forhold til sjukdom, og god handtering og kontakt med kalvane.